



Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1028 - 18/2814

Sakshandsamar:
Frode Vee-Haugen
frode.vee-haugen@masfjorden.kommune.no

Dato:
07.05.2018

Politisk vedtak - Tilsyn med sal av tobakksvarer frå 01.01.18 - tilsynsavgift

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klagt på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Frode Vee-Haugen
informasjonsrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Kommunal fakturering 5986 HOSTELAND

Mottakere:

| | | | |
|-------------------|--|------|-----------|
| Austrheim kommune | Sætremarka 2 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Fedje kommune | Stormarkvegen 49 | 5947 | FEDJE |
| Gulen kommune | Eivindvikvegen 1119 | 5966 | EIVINDVIK |
| Lindås kommune | Felles postmottak Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |
| Meland kommune | Postboks 79 | 5906 | FREKHAUG |
| Radøy kommune | Radøyvegen 1690 | 5936 | MANGER |

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------|----------|------------|
| Frode Vee-Haugen | TI - &58 | 17/1028 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 025/2018 | Kommunestyret | PS | 03.05.2018 |
| 024/2018 | Formannskapet | PS | 22.03.2018 |

Tilsyn med sal av tobakksvarer frå 01.01.18 - tilsynsavgift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar.
2. Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for midlertidige salsstader for tobakksvarer.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alle som sel tobakk og tobakkssurrogat, som for eksempel e-sigarettar, må frå 1. januar 2018 være registrert i Tobakkssalgsregisteret. Kommunane skal frå 01.01.2018 føra tilsyn med registrerte salsstader av tobakksvarer.

Fakta

Tobakkssalgsregisteret er offentleg og skal gje oversikt over:

- lovlege salsstader og grossistar av tobakksvarer og tobakkssurrogater
- kva salsstader og grossistar det lovleg kan omsetjast tobakksvarer og tobakkssurrogater til og frå
- kva salsstader og grossistar det skal førast tilsyn med.

Tilsynsplikta er ei ny registreringsordning for sal av tobakksvarer og vart vedteke i Stortinget 21.06.17, jfr. Kap 2 i lov om vern av tobakksskader (tobakksskadelova), <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1973-03-09-14?q=tobakksskadeloven>

Tilsynet inneber at kommunen skal føre kontroll med registrerte salsstader av tobakksvarer og tobakkssurrogat som e-sigarettar og urtesnus. Tilsynet skal særleg omfatta kontroll med at slike varer ikkje vert seld til mindreårige og krav til internkontroll.

Kommunen kan krevje ei årleg tilsynsavgift til dekning av kostnader med tilsynet. Frå salsstader av tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar er maksimal årleg tilsynsavgift sett til kr. 4.500,-. Frå midlertidige salstader kan kommunen krevje ei årleg tilsynsavgift på inntil kr. 1.200,- jfr. kap 7 avgifter § 24, i forskrift om registrering av og tilsyn med sal av tobakksvarer, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-21-1446>

Det er opp til den einskilde kommune kva sats ein vil velje opp til maksimalsummen. Kommunen kan og la vere å ta avgift.

I både Lindås, Meland og Radøy kommunar har kommunestyret vedteke ei tilsynsavgift på kr. 3.000,- for faste salsstader og kr. 600,- for midlertidige salsstader. Administrasjonen i Gulen kommune har gjeve tilbakemelding om at dei vil gå inn for tilsvarende sats.

Vurdering

Det skal først tilsyn med salsstadene så ofte som det er behov for og kvar stad skal kontrollerast minst ein gong per år. Det skal årleg utførast minst to gonger så mange tilsyn som det er salsstader i kommunen. Ein planlegg at denne kontrollfunksjonen skal leggjast til alkoholkontrollørane for Nordhordland og Gulen.

Ved gjennomføring av kontrollar vil kommunen mellom anna få utgifter til opplæring, løn og reiseutgifter til kontrollørane. Det ser også ut til at alle kommunane vil gå inn for tilsvarende gebyrsats, slik at det da også vil vere tilnærma like avgifter for alle salsstader i regionen.

Konklusjon

Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar. Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for midlertidige salsstader for tobakksvarer.

Formannskapet - 024/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

- Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr 0,- for alle salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar. Formannskapet ber om at ordninga vert evaluert etter eit år når ein kjenner til kva kostnaden med denne ordninga vert.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr 0,- for alle salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar. Formannskapet ber om at ordninga vert evaluert etter eit år når ein kjenner til kva kostnaden med denne ordninga vert.

Kommunestyret - 025/2018

KS - behandling:

Wenke Fredheim Ekren (H), Karstein Totland (H), Bjarte Kvinge (H) og Astrid Daae (H) sa dei var ugild i saka sidan dei var aksjonærar i verksemdar som sel tobakksvarer. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen overtok møteleiinga. Ekren, Totland, Kvinge og Daae vart samrøystes (13 røyster) vedteke ugilde.

Saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) opprettheld rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Røysting:

Framlegg frå formannskapet vart røysta opp mot framlegg frå rådmannen. Framlegg frå rådmannen vart vedteke mot 5 røyster (3 røyster frå H (Frode Langhelle, John Torsvik og Lene Hansen Kvamsdal), 1 røyst frå V og 1 røyst frå Sp (Geir Egil Haugsvær)

KS - vedtak:

1. Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar.
2. Kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for midlertidige salsstader for tobakksvarer.